




FIRDA

Sende rasist- brevva til presten



Sigurd Lyngstad frå Viksdalen legg ikkje skjul på at han står bak dei rasistiske skriva som vart sende til sokneprest Øystein Skåuge. Foto: Liv Grim

Sigurd Lyngstad frå Viksdalen vedgår at han står bak breva med rasistisk innhald som sjokkerte soknepresten i Gaular. Han kallar seg

oppfatta som rasist». – Øystein Skåuge burde diskutere på eit sakleg nivå i staden for å komme med skjellsom meiner Lyngstad.

11.9.95

”Å forby parti, vil seie det same som å forby meiningar”

Utfordring fram mot valet i 1997

Frå ytste venstre fløy, kjem med jamne mellomrom kravet om å forby politiske parti i den andre enden av den politiske skalaen. Så langt har krava frå krefter som sjølv har hatt eit tvilsamt tilhøve til elementære demokratiske prinsipp, falle på steingrunn. Og det er bra. For å forby parti, vil seie det same som å forby meiningar. Og det vil vere eit nederlag for demokratiet.

Berre skrale demokrati må bruke lovane for å forby politisk debatt, sjølv om vi forstår at ein i Tyskland prøver å stoppe ny-nazismens frammarsj med lova i hand. Men det er like lite ønskjeleg å forby dei grumsete kreftene og partia som veks fram på ytste høgre fløy, som var det ville vore å forby AKP (m-l) som bak

SJOKKET

– Ingen vil seie at dei er rasistar. Men eg har høyrte fleire gi uttrykk for rasistliknande haldningar. Framandfrykta er meir utbreidd i Gaular enn vi likar å innrømme, seier sokneprest Øystein Skauge.

FIRDA
PER KJETIL JØRGENSEN

Gaular-presten vil ikkje knytte rasismen spesielt til Senterpartiet. Ei slik kopling er etter hans meining uttrykk for valkamp. Negative haldningar til utlendingar og personar med mørk hudfarge kan like gjerne finnast innafor andre parti.

– Eg har høyrte fleire personar gi uttrykk for ei ureflektert framandfrykt. Dei er så proppfulle av fordommar at det er skremmande. Utlendingar blir karakterisert på ein slik måte at det må kallast for rasisme, seier Skauge.

Rasist-brev

Firda har fått sjå fleire brev fulle med rasist-propaganda, som presten har fått av ein namngjeven person i kommunen. Her er alt frå nazi-inspirert jødehets frå 30-åra, til forsvarskrift for Arne Myrdal og slagord mot innvandring. «Ingen ble gasset i hel i de tyske konsentrasjonsleirer», er tittelen på ein av artiklane

som presten har fått kopi av.

Fleire andre personar i bygda skal ha fått tilsendt liknande rase-propaganda.

– Dersom det berre var ein person som sto for slike haldningar, så kunne vi le av det. Men når vi ser dette i samanheng med den sterke framandfrykta eg registrerer, så viser det at vi snakkar om straumdrag som ikkje er bygda vår verdig, seier Skauge.

Blir kvalm

– Korleis kjem framandfrykta til uttrykk?

– Det kan skje når folk kommenterer aktuelle saker i media der utlendingar har kome i fokus på ein negativ måte. Sjølv sagt kan utlendingar gjere mykje dumt. Men dei negative karakteristikkane av mørkhuda er så generelle og kvalmande at det er all grunn til å reagere.

– Kor utbreidd er desse haldningane?

– Det er ikkje så veldig mange som uttrykkjer slike ting. Men når så mange står ope fram med slike synspunkt, så trur eg at langt fleire meiner det same utan å våge å stikke hovudet fram. Det er typisk at Framstegspartiet er i medvind kvar gong der blir sett søkjelys på rasismen.

Unge og eldre

Soknepresten merkar ein aukande tendens til framandfrykt. Gaular er neppe verre enn andre kommunar, men det kan verke som om frykta er større dess mindre utlendingar du har rundt deg.

– Tendensen til rasisme er sterkast hos dei eldre og hos ungdommen. Eg lurar på kvar tenåringane får haldningane sine frå. Det må vere ei oppgåve for skulen å ta opp desse

Soknepresten fekk brev med hets mot jødar og innvandrarar

tinga, seier han.

Hovudpoenget til Skauge er at folk må engasjere seg positivt og setje søkjelys på framandfrykt og rasisme. Det nyttar ikkje å koste slike haldningar under teppet.

– Vi må alle vere villige til å arbeide med haldningane våre. Som prest har eg eit spesielt ansvar. Lærarar og politikarar har også eit stort ansvar. I felleskap må vi kjempe mot framandfrykta og den rasismen som ingen vil innrømme finst, seier Øystein Skauge.

... mot rasist-parti

like lite ønskjeleg å forby dei grumsete kreftene og partia som veks fram på ytste og høgre fløy, som var det ville vore å forby AKP (m-l) som bak stengde dører planla sin idiotiske væpna revolusjon. Det er mykje betre å få desse ekstreme kreftene og standpunkt fram i dagen, slik at det kan argumenterast mot dei på demokratisk vis. For den del kan det vere greitt at dei stiller eigne lister, for då får vi ein peikepinn på kor mange dei er.

Men den heile og fulle sanninga om nordmenns haldningar til innvandring og rasisme, får vi ikkje gjennom dagens val. Mange veljarar vil meine at det er andre saker som trass alt er viktigare i eit lokalval, og vil difor røyste ut frå dette. Men om ikkje anna har den lett brune nasjonalismen, og den udiskutable reine rasismen, fått stadig fleire andlet gjennom denne valkampen. Heilt klart ein fordel, med tanke på å motarbeide desse kreftene. Akkurat det vert mykje verre når kreftene går under jorda.

Det er dessutan avslørt ei merkeleg samrøre mellom ein del politikarar som måtte reknast som seriøse, og krefter som vi hadde vona å sleppe meir i vårt land. Men det er naivt å tru at rasisme, og for den del nynazisme, berre er eitkvart som vedkjem andre land. No veit vi at dette er haldningar som er rotfest hjå altfor mange i vårt eige land også. Her står vårt demokrati framfor ei stor utfordring fram til det neste valet i 1997.

og slagordet
«Ingen ble gasset i hel i de tyske konsentrasjonsleirer», er tittelen på ein av artiklane

er typisk
er i medvind kvar gong og blir set
kjelys på rasismen.


Skauge.

– Røyst ikkje på rasist-parti

VAL-
APPELL:

– Tenk på den mis-
kunnsame
samaritanen når du
skal leggje
di stemme i
valurna, sa
Øystein
Skauge i
søndag-
spreika i
går.

Arkivfoto:
Olav
Øygard



Sokne-
prest Øystein Skauge
gjekk i går på preike-
stolen i Bygstad kyr-
kje og åtvare kyrkje-
gjengarane mot å
stemme på rasistiske
parti.

– Det finst parti, kan hende ikkje her i Gaular rett nok, som rett og slett ikkje fortener ei stemme frå deg som har vore i kyrkja i dag, sa presten.

Forteljinga om den mis-
kunnsame samaritanen var
dagens tekst i alle norske kyr-
kjer. Gaular-presten snakka
mest om nestekjærleik og dia-
koni. Han ba tilhøyrarane

– Tenk også på han når du i
morgon skal leggje di stemme
i valurnene, la han til.

Djupt i folkesjela

Soknepresten knytta likninga
om den miskunnsame samari-
tanen opp mot dei siste da-
gars debatt om framande i
vårt eige land.

– «Noreg for nordmenn»-
tanken stikk djupare i folke-
sjela enn vi likar å innrømme.
Som prest møter eg folk med
slike haldningar. Kan hende
ikkje så forferdeleg mange i
tal, men at så pass mange to-
rer å målber tankane, tyder
på at det ligg endå fleire un-
der vasskorpa som ikkje seier
høgt det dei inst inne meiner.

Det er vår neste vi snakkar
om. Dei framande som vi er
så redde for. Det er beint
kristeleg synd å snøre

vårt for desse. Vi risikerer
uhyre lite som nasjon ved å
vere meir generøse og opne,
sa Skauge, og viste til at sam-
aritanen til og med betalte for
at den framande skulle ha det
godt...

Klar bodskap

– Ventar du reaksjonar på at
du tar stilling i rasisme-de-
batten, og åtvarear mot be-
stemte parti dagen før valet?

– Eg er neppe den einaste
presten som tek dette opp.
Det er heilt naturleg å snakke
om forholdet til framande,
med utgangspunkt i denne
preiketeksten. Bodskapen i
Bibelen er så klår at vi ikkje
kan oversjå den.

Nokon må tøre å stikke ho-
vudet fram. Det er mi oppgå-
ve som prest å påpeike kven
som er vår neste, seier Øy-

Eg sender breva som sokneprest Øystein Skauge kalla nazi-inspirerte rasist-brev, seier Sigurd Lyngstad (78) frå Viksdalen. Han vedgår utan vidare at han står bak breva, og meiner pressten brukar usaklege knep, i staden for å diskutere sakas innhald.

som hadde rett under k. gen. og må ha lov til ha mi meining. Eg har ikkje gjort noko gale, og syntest det var heilt vanvittig då eg vart dømd for landssvik, seier Lyngstad.

Når Noreg først vart okkupert, er Lyngstad glad okkupasjonen vart tysk. Han meiner tyskarane oppførte seg korrekt, og stiller seg tvilande til at gassinga av millionar av jødar i det heile tatt fann stad.

Livskamp

– Under okkupasjonen var eg med på ein livskamp for det norske folk. Eg er med på det same i dag. Eg vart vekt på nytt då eg las eit sakleg og korrekt skriv frå «Stopp Innvandringen», der ein såg med gru på utviklinga; seier Lyngstad.

Han vil ikkje ha fleire innvandrarak til Noreg, og fryktar framtida dersom innvandrarakane får fotfeste her.

– Skal innvandringspolitikken halde fram som i dag, blir det ikkje lenge før dei tek over styringa av landet. Når det gjeld det seksuelle, har ikkje dei mørkhuda moral og sjølvkontroll som folk i dei nordiske landa. Det er som når du slepper værene opp på beitet til sauene, seier Lyngstad.

Mot raseblanding

Han meiner at kvar folkegruppe bør ha sitt landområde, og haldast frå kvarandre for å unngå konflikter.

– Det kjem ikkje noko godt ut av raseblanding. Fargen fortel at det er ein forskjell, det burde vere eit varsel i seg sjølv. Innvandrarakane som kjem til Noreg er på rov, dei kan halde seg i sine egne land og gjere det beste ut av



Faksimile frå Firda 11. september. Sokneprest Øystein Skauge er sjokkert over breva frå Lyngstad, og kallar det hets mot jødar og innvandrarak.

situasjonen der, seier Lyngstad.

Sidan 1987 har han brukt titusenvis av kroner på innvandrarak-saka. 78-åringen har sendt ut fleire hundre brev til aviser og privatpersonar, og trykt opp ein serie med hefte han kallar «Tenk sjølv». Dei aktuelle mottakarane av skriftene finn han ved å slå opp i telefonkatalogen.

– Blir sensurert

– Media vrir og forvrengjer. I Oslo-avisene kjem ikkje innlegga mine på trykk lenger. Når avisene sensurerer meg, må eg gi ut mine egne skrifter. Eg er minstepensjonist, og det meste av pengane går med til dette arbeidet, men eg greier meg ved å leve sparsommeleg, seier Lyngstad.

Ein kopimaskin og skrive-maskinen fyller kjøkkenbordet, og i stova ligg høge stolar med bøker, skrifter og brev både på bord og stolar.

Lyngstad er ikkje knytt til eit parti eller ein organisa-

sjon, men han ønskjer å bli medlem av partiet «Norges patriotiske enhetsparti», som no er under skiping.

Nasjonalist

– Eg er nasjonalist, og har tru på at nasjonen er livsviktig for folk. Det er mogleg eg også kan kallast rasist, men det bryr eg meg ikkje om. Det viktigaste er at eg ope får hevde mi meining, slik at folk kan få dømme sjølv, seier Lyngstad.

Det sterke engasjementet har skaffa han eit kontaktnett med likesinna over heile landet.

– Mange er positive til det eg skriv, og når det inn mellom kjem pengegaver i posten, ser eg det som ei stadfesting av at folk støttar den jobben eg gjer. Etter alle dei breva eg har sendt ut, har det berre kome to negative reaksjonar. Frå sokneprest Skauge, og ein person til i Gaular, seier Lyngstad, som kallar seg misjonær for sanninga.

Bringebærforsking på Njøs

(NPK): Statens forskingsstasjon Njøs på Hermansverk i Sogn skal no verte eit senter for bringebærforsking. Det er forskar Nina Heiberg, som står ansvarleg for senteret, som er gjort mogleg ved ei løyving på 870 000 frå Landbruksbanken. Njøs har frå før hausta mange lovord for bringebærsortane sine. Den mest kjende er Veten. Men dei norske sortane er ikkje gode nok i våre dagar. Det mest kjende bringebæret i dag er skotske Glen Moy. Nye norske bringebærsortar kan ein først vente om fem-seks år.

FIRDA

LIV GRIMSBØ

Eg sender breva til folk eg trur er så opplyste at dei har dømmekraft. Eg forrekna meg på Skauge. Han kjem berre med skjellsord, i staden for å peike på kva som er jødehets i skriftene. Når eg legg fram mine synspunkt, vil eg ha sakleg motseiing, seier Lyngstad.


Pensjonisten frå Gaular seier han brukar det meste av si tid til kamp mot innvandring, og sender brev og skrifter til heile landet. Han bryr seg ikkje om kva stempel folk set på han ut frå det arbeidet han gjer.

– Eg peikar på ting som er openbert feil, og er sikker på at folk er samde med meg dersom dei berre tenkjer sjølv, seier Lyngstad.

Straffa for landssvik

I 1943 melde han seg inn i Nasjonal Samling, og då krigen var slutt, vart han dømd til fem års straffarbeid for landssvik.

– Eg vart overtydd om kven



Pensjonisten Sigurd Lyngstad frå Viksdalen legg ikkje skjul på at han står bak bak breva til soknepresten med slagord mot innvandring. Han fyller stova si med brev og skriv med innvandrar-fiendtleg innhald.

de religiøse breva